



## Rekneskapsrapport pr oktober /november 2022 - Framlegg til budsjettreguleringar

Saksbehandlar:  
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:  
210

Arkivsaksnr.:  
22/2662

JournalpostID:  
22/78707

<b>Saksnr:</b> 146/2022	<b>Utval:</b> Bjørnafjorden kommunestyre	<b>Dato:</b> 15.12.2022
----------------------------	---	----------------------------

### Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tar rekneskapsrapport pr oktober - november 2022 til orientering, og godkjenner slike budsjettjusteringar for å dekke sektorane sitt venta meirforbruk i 2022 samt meirutgifter i samband med mottak av flyktningar i 2022:

#### Auka driftsrammer

Fellesområde	blir auka med kr 3.015.000
Stab	blir auka med kr 3.900.000
Oppvekst	blir auka med kr 40.437.000
Helse og velferd	blir auka med kr 78.058.000
Overføring til BUS AS	blir auka med kr 12.000.000
Overføring til fond for næringstiltak	blir auka med kr 9.400.000
<b>Sum auke</b>	<b>kr 146.810.000</b>

#### Finansiering

Skatt/inntektsutjamning	blir auka med kr 75.000.000
Rammetilskot	blir auka med kr 26.668.000
Havbruksmidlar	blir auka med kr 21.400.000
Integreringstilskot	blir auka med kr 23.742.000
<b>Sum auke</b>	<b>kr 146.810.000</b>

2. Kommunestyret vedtar at 3 mill. kr av mottatt investeringstilskot vedr Nyskapande aktivitetsarena – Os aktivparken blir sett av på ubunde investeringsfond til Nyskapande aktivitetsanlegg Fusa ungdomsskule (2,5 mill. kr) og Rehabilitering ballbinge Nore Neset ungdomsskule (0,5 mill. kr).

3. Kommunestyret vedtar at meirinntekter vedr Havbruksfondet kr 12.000.000 blir overført til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS) for å finansiere tømmerkaia i næringsområdet på Samnøy. Øvrige 9 400 000 blir overført fond for næringstiltak.

Bjørnafjorden, den 21.11.2022

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

## **Samandrag:**

2. tertialrapport 2022 viste at sektorane rapporterte eit meirforbruk på heile 100 mill. kr i 2022. Situasjonen har så langt forverra seg i 3. tertial, særleg i sektor Helse og velferd. Det kan imidlertid sjå ut til at skatteveksten i år blir langt høgare enn det regjeringa la til grunn seinast i oktober. Saman med auka korona tilskot, havbruksmidlar, integreringstilskot og skjønstilskot frå statsforvaltaren kan det likevel sjå ut til at kommunerekneskapen kan kome ut i balanse i 2022.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

### Økonomi:

Saka inneheld viktig styringsinformasjon for kommunen og framlegg til regulering av budsjettet.

### Klima:

Saka har ingen direkte innverknad på klima eller miljø.

### Folkehelse:

Saka kan ha innverknad på folkehelsa då det blir foreslått å avsette midlar til prosjekt som stimulerer til aktivitet for ungdom..

## **Saksframlegg:**

### **Frie inntekter**

#### Rammetilskot

Kommunen har i haust fått kr 3.896.000 i ekstra skjønsmidlar frå statsforvaltaren. Grunngevinga for tildelinga er den utfordringa kommunen kom i etter at SIO prosjektet blei avslutta før opphøveleg avtalt prosjektperiode.

#### Covid – 19

Regjeringa har gitt melding om at dei vil kompensere kommunane for meirutgifter i 2022 vedr korona. Det ser ut til at Bjørnafjorden kommune vil få kr 22.772.000 i tilskot frå staten, men summen er ikkje vedteke ennå. I tillegg vil vi kunne få skjønsmidlar til korona. Kommunen sine utgifter i samband med Covid-19 er om lag 37,5 mill. kr i 2022. Sektorane fekk i 1. tertial 2022 kompensert 9,4 mill. kr av dette, og i Revidert nasjonalbudsjett fekk kommunen tilført 0,9 mill. kr som er overført til Helse og velferd. Det vil seie at det er ca. 27,2 mill. kr som sektorane ikkje har fått dekkja. Beløpa inngår som ein del av sektorane sine rapporterte meirutgifter.

#### Skatteinntekter

I revidert nasjonalbudsjett blei prognose for skatteveksten for kommunane samla oppjustert til 6,75%. Administrasjonen vurderte då, på bakgrunn av innkomne skatteinntekter, at skatteveksten truleg ville bli høgare enn dette. I framlegg til statsbudsjett for 2023 blei prognosen for 2022 oppjustert ytterlegare, no til 7,4%. Pr. oktober er skatteveksten i Bjørnafjorden 6,7%, for kommunane samla 9,8%. For Bjørnafjorden kommune er det den samla skatteveksten for kommunane som er av størst betydning, då vi har så lave

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

skatteinntekter at vi får mykje skatteutjamningsmidlar. November er den største skattemånaden i året, og det har begynt å kome inn tal frå første fordelingsrunde. Dei tyder på at det blir ein svært god skatteinntang i november, og at skatteveksten for 2022 vil bli langt høgare for kommunane enn prognosen på 7,4%. I beste fall kan meirinntektene for vår kommune bli ca. 75 - 80 mill. kr.

#### Andre generelle statstilskot

Kommunen vil få auka integreringstilskot frå staten i samband med mottak av flyktingar frå Ukraina. Dette vil dekke kommunen sine utgifter i samband med mottak og integreringsutgifter, m.a. styrking av Flyktingtenesta, ventestønad, introduksjonsstønad, språkopplæring i skulen m.v. Overslag viser at kommunen vil få ein auke i integreringstilskotet på ca. 28 mill. kr (beløpet kan bli mindre dersom det blir avkorting pga heimreise), medan sektorane sine meirutgifter er i underkant av 17,5 mill. kr. Kommunen har budsjettert med kr 8.000.000 i inntekter frå Havbruksfondet. Beløpet er eit overslag. Tildelinga av havbruksmidlar er forseinka, men vi har no fått melding om at kommunen vil få utbetalt ca. 29,4 mill. kr for 2022, dvs 21,4 mill. kr meir enn budsjettert. Kommunen har og budsjettert med kr 3.500.000 i rentekompensasjon frå Husbanken. Opplysningar om endeleg beløp og utbetaling skjer først i midten av desember.

#### **Finans**

Posten for renteutgifter blei budsjettregulert i 2. tertial og ser no grei ut. Utfordringa er inntektssida der avkastninga frå langsiktig finansportefølje er negativ med kr 16,78 mill. kr pr oktober. Ting kan tyde på at situasjonen vil betre seg no i siste kvartal, men dette er svært usikkert. Det er mest sannsynleg at avkastninga frå finansporteføljen vil vere negativ pr 31.12. Kommunen har imidlertid fått auka renteinntekter frå bankinnskot og kortsiktige plasseringar som saman med høgare utbytte frå BIR enn budsjettert vil vege opp for mykje av tapet.

#### **Fellesområde**

Prognose: Fellesområde manglar vel 3 mill. kr til å dekke årets lønsoppgjjer.

Folkevalde organ ser så langt grei ut, og dersom det ikkje kjem store utgifter til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste i desember ser det ut til at budsjettet vil halde.

Lønsoppgjjeret i år er rekna til om lag kr 25.015.000 for 2022. Budsjettposten avsett til å dekke årets lønsoppgjjer er 22 mill. kr. Oppgjjeret for medlemmer av Utdanningsforbundet som var i streik er ikkje avklart enno, og ser først ut til å bli avklart, og dermed utbetalt, i 2023. Administrasjonen må då gjere ei kostnadsavsetning i rekneskapan for 2022 for denne delen av oppgjjeret, og vi «sparar» såleis ikkje noko på den forseinka utbetalinga.

Administrasjonen har frykta at vi ville få utfordringar med å dekke utgiftene til reguleringspremie (pensjon) i år grunna høgt lønsoppgjjer. Dette ser no betre ut. Vi har ikkje nok opplysningar til å lage prognose for premieavvik 2022. Dessverre ser det ut til at vi må tapsføre manglande refusjon av sjukeløn også i år. Det blir lagt trykk på å få ned beløpet før nyttår, så det er litt vanskeleg å estimere ein konkret sum.

#### **Stab**

Prognose: Stab ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 3,9 mill. kr i 2022.

Mykje av det venta meirforbruket gjeld innsparingskrav på 1,5 mill. kr knytt til kommunale innkjøp. Kravet gjeld heile kommunen, men er ført på Stab. Kommunen har i dag

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

innkjøpsavtaler på dei fleste områda, og nye konkurransar medfører som regel ikkje i lågare priser enn før, sjølv om prisane sannsynlegvis er lågare enn om vi ikkje hadde brukt konkurranse som verkemiddel. Om lag 1,5 mill. kr av meirforbruket kan knytast til programvare-lisensar m.v. medan nærare 1 mill. kr har samband med sluttavtalar i samband med nedbemanninga av stabsfunksjonane.

## **Oppvekst**

Prognose: Oppvekst ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 28,5 mill. kr i 2022.

### Skular

Det er 6 millionar i meirforbruk som ligg på skule-området men som gjeld oppvekst i sin heilheit, som er sum av at ein ikkje har funne nok tiltak for å dekke innsparingskrav i B22, manglande kompensasjon prisvekst samt bortfall av inntekt for Varafjell elever som vi fekk når vi var med i SIO.

6 millionar av meirforbruket skuldast covid-19 (som ikkje allereie er dekkja).

6 millionar skuldast meirforbruk på 5 skular.

### Barnehage

Samla sett drifrar dei kommunale barnehagane innafor budsjett i 2022. Det er ført nesten kr. 900 000,- til covid-19 (som ikkje allereie er dekkja) i kommunale barnehagar og tre av dei kommunale barnehagane hadde derfor eit meirforbruk på totalt 700 000,- frå våren 2022. Noko av meirforbruket er spart inn blant anna ved at styrar går inn som vikar. For området har reduksjon i tal barnehageplassar og reduksjon i § 37 vedtak frå august 22 vore noko høgare enn forventa (budsjettert), så samla går kommunale barnehagar i balanse for 2022.

Tilskot til private barnehagar ser ut til å bli som budsjettert for 2022. Det har vore reduksjon i tal barnehageplassar frå august 22 også i private barnehagar.

### Familiens hus:

Prognose for meirforbruk i barnevernet er ca. 10,5 millionar for 2022. Dette skuldast: 5 millionar pga. manglande finansiering av oppvekstreforma og 6 millionar nye plasseringar i institusjon og beredskapsheim. Tiltak for å redusere kjøp av tenester ved meir bruk av egne tilsette i familiens hus er satt i verk. Effekt i 2022 er ei innsparing på 0,5 millionar

Eining for Barn, unge og familiar vil gå i balanse når Flyktningtenesta får tilført sin del av auka integreringstilskot i 2022 (Ukraina flyktningane)

Førebyggjande helsetenester drifrar innan tildelt budsjett. Det har vore noko vakanse i 2022 fordi det er vanskeleg å rekruttere jordmor og helsesjukepleiarar.

## **Helse og velferd**

Prognose: Helse og velferd ser ut til å få eit meirforbruk på 72,5 mill. kr i 2022.

### Avdeling for forvaltning og koordinering:

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Meirforbruk for året er estimert til ca.12 mill. kr. Av dette gjeld 10,5 mill. kr av dette Brukarstyrt Personleg Assistanse (BPA), medan 1,5 mill. kr skuldast auka utgifter til støttekontakt og avlastningstiltak

#### Legevakt og legetenester:

Legevakt og legetenester ligg an til eit meirforbruk på ca.14 mill. kr i 2022.

Ca. 1,9 mill. kr skuldast utgifter til covid-19 (som ikkje allereie er dekka).

Den utfordrande legesituasjonen i kommunen har gjort at det er sett i gang (kostbare) tiltak for å betre situasjonen, og resterande meirforbruk kjem av desse tiltaka, t.d. nordsjøturnus, insentivordningar, vikarlegar, auka basistilskot m.v.

#### Helsefremming og rehabilitering

Eininga ser ut til å gå i balanse i 2022.

#### NAV

Eininga ser ut til å gå i balanse i 2022.

#### Tilrettelagte tenester – barn og unge

Eininga ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 8 mill. kr i 2022. Dette skuldast i all hovudsak nye brukarbehov med 1:1-bemanning som kom til etter at budsjettet var lagt.

#### Psykisk helse og rus

Eininga ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 3 mill. kr i 2022.

Meirforbruket gjeld Ambulerande miljøtenester og er primært knytt til krevjande brukarar på Askviknes. 4,1 årsverk er i løpet av året overført frå bufellesskap i Tilrettelagte tenester til Ambulerande miljøtenester.

#### Pleie og omsorg

Eininga ser ut til å få eit samla meirforbruk på ca. 31,5 mill. kr i 2022. Av dette gjeld ca. 12,6 mill. kr utgifter til Covid-19 (som ikkje allereie er kompensert). Ein har og store meirutgifter knytt til drivstoff, husleige, straum og matvarer. I tillegg har mangel på bemanning gitt overtidskostnader. Heimetenesta på Os hadde i starten av 2022 meirforbruk knytt til enkeltbrukar, men dette er no avvikla.

Dei to Bu- og Behandlingsssentera har i 2022 hatt store praktiske utfordringar knytt til Covid. Dette har resultert i ekstremt høgt sjukefråvær, stor overtidsbruk, bruk av vikarbyrå med meir. Det er all grunn til å tru at dei reelle kostnadene knytt til pandemien langt overstiger det som er merka i rekneskapen. Likevel har det vore eit reelt meirforbruk, som i stor grad er forklart ved at pasientane har hatt meir kompliserte og meir samansette behov enn før. Ein ser og at mangel på kvalifisert personell fører til store meirutgifter på natt (overtid og vikarbyrå).

## Tilrettelagte tenester – vaksne

Eininga ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 4 mill. kr i 2022 m.a. som følgje av smitteutbrot i tre avdelingar under ferieavviklinga samt at rekrutteringsvanskar gjorde at ein måtte ta i bruk sommaravtalen for å skaffe nok vikarar.

## **Samfunnsutvikling**

Prognose: Samfunnsutvikling ser ut til å gå i balanse i 2022.

Vintervedlikehald samla i år ligg an til å få ei meirutgift på ca. 4 mill. kroner. Brannvesenet meldar om meirutgifter på ca. 3 mill. kr, som relaterer seg til utrykkingar og oppgradering av ny 110-sentral. Auka straumutgifter fører til ca. 10 mill. kroner i meirutgifter. Tiltak for å redusere meirutgifter er nedtrekk vedlikehaldsbudsjett på vegar og eigedom med 4 mill. kroner, hente 2 mill. kroner frå vedlikehaldsfond, og dekke meirutgifter på straum med auka inntekter konsesjonskraft.

Sektoren vil arbeide vidare med utgiftsreducerande tiltak.

## **Investeringar**

Det blei gjort fleire budsjettreguleringar vedr investeringsprosjekta i 2. tertialrapport 2022, og administrasjonen kjem ikkje med ytterlegare framlegg no.

Kommunen har mottatt investeringstilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet vedr Nyskapande aktivitetsarena – Os aktivparken på 4 mill. kr. Anlegget er ferdigstilt, og delar av utgiftene til anlegget er allereie finansiert gjennom ordinære investeringsprosjekt i området Giskavollen. Det er behov for eigenkapital til prosjekt i 2023. Dette gjeld i første rekke Nyskapande aktivitetsanlegg Fusa ungdomsskule, der kommunen har motteke gåve- og tilskotsmidlar gjennom Fylkeskommunen, men treng ca. 2,5 mill. kr for å kunne sette i gang prosjektet. Prosjektet har som mål å omskape uteområdet til Fusa ungdomsskule frå ein asfaltert plass til soneinndelte aktivitets-arena av ulike slag, Det er vidare behov å rehabilitere ballbingen på Nore Neset ungdomsskule. Ballbingen har øydelagt dekke og står i fare for å måtte stengast. Rehabiliteringa er rekna til ca. kr 500.000. Det er derfor eit ønske om å sette av 3 mill. kr av mottatt tilskot til ubunde investeringsfond til desse prosjekta.

## **Samnøy næringsområde**

Kommunedirektøren er av styreleiar og dagleg leiar i Bjørnafjorden Utviklingsselskap gjort kjent med prisene på etablering av veg/infrastruktur og tømmerkai i Samnøy Næringsområde. Etablering av Samnøy næringsområde med tilhøyrande tømmerkai vil vere viktig for den framtidige næringsutviklinga i austre del av Bjørnafjorden kommune og for å betre tilhøva i Eikelandsosen. Tømmerkai på Samnøy har fått løyving om 23 millionar kroner frå Landbruksdirektoratet som må løysast ut i løpet av 2022. Anbudet på tømmerkaia har ein kostnadsramme omlag 35 millionar kroner. Kommunedirektøren foreslår difor at meirinntektene på 12 millionar kroner frå havbruksfondet blir gjort tilgjengeleg for Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS) for å finansiere tømmerkaia. Dei øvrige 9,4 mill. overførast til fond for næringstiltak.

Bjørnafjorden, den 21.11.2022  
Ingrid Karin Kaalaas  
Økonomisjef